



Byggmester Arne Brandsdal
Lonaleitet 2
5267 ESPELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1204 - 14/8851

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
04.06.2014

Manglar ved søknad om løyve til grunnarbeid på næringseigedom

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på kvalifikasjonar, jf SAK10 §11-1. Føretak som søker lokal godkjenning må ha ein organisasjonsplan som viser at det har samla kvalifikasjonar i form av utdanning og praksis som er tilpassa godkjenningsområdet. Kravet i byggesaksforskriften § 11-1 er at føretaket disponerer personell med nødvendige og relevante faglege kvalifikasjonar. Den formelle utdanninga og praksis må vere relevant i forhold til det godkjenningsområdet det vert søkt godkjenning for. Innsendt dokumentasjon viser ikkje at utdanninga dekker det aktuelle godkjenningsområdet, verken for prosjektering eller utføring. Referanseprosjekta viser heller ikkje relevant erfaring frå prosjektering eller utføring av grunnarbeid.
2. Søknaden manglar gjennomføringsplan, jf SAK10 §5-3.
3. Søknaden manglar opplysning om naudsynte sikringstiltak, jf SAK 10 § 5-4 g). Terrengprofilen viser ei skjering på ca 5 meter som gjer at slike opplysingar er påkrevd.
4. Det vert bede om at tiltaket vert dokumentert ved lengdeprofil i tillegg til tverrprofil som er sendt inn.
5. Det må dokumenterast at felles avkøyring er i samsvar med føremål i plan/innafor føremålsgrensa.
6. Lengde- og tverrprofilar for vegen må leggest ved.
7. Situasjonsplanen må koordinerast med profildekningane og vise kvar profilane er teke ut.
8. Avkøyringa må dokumenterast å vere i samsvar med retningslinjene som går fram av statens vegvesens handbok 100 (tidlegare 017) "Veg- og gateutforming" med utgangspunkt i trafikksikring og tilhøva på vegen, for å kunne godkjennast saman med byggesaka.
9. Det vert bede om tilbakemelding på om innmåling av tiltaket inngår i ansvarsretten for grunnarbeid.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 4.7.2014. Dersom informasjonen ikkje er kome inn til kommunen innan fristen, vert saka tatt opp til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Kommunen vil gjere ei ny vurdering av dokumentasjon som vert sendt inn og det vert teke atterhald om ytterlegare manglar som vert avdekka etter den nye vurderinga.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Byggmester Arne Brandsdal

Lonaleitet 2

5267

ESPELAND